



Ål kommune

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
17/01447-1

Dato
31.05.2017

Høyringsvar - Overordna del - verdier og prinsipp

Høyringsforslaget bidreg til at formålsparagrafen (Oppl §1-1) og dei grunnleggande ferdigheitane frå Kunnskapsløftet 2006 (fagdelen) kjem tydlegare fram i den overordna delen av læreplanen og skapar samanheng mellom dei. Namneendringa frå *generell del* til *overordna del* understrekar at denne legg føringar for læreplanen. Bra at barnekonvensjonen med synet om barnet sitt beste er kome inn og vektlegginga på at barn skal bli trygge språkbrukarar med eit felles språk, jf. s. 5. Positivt at den overordna delen har tre tverrfaglege tema om dannar prinsipp for læring og utvikling, - folkehelse og livsmestring; demokrati og medborgarskap; berekraftig utvikling. Flott at fokuset er retta mot eit profesjonsfellesskap og det å drive skuleutvikling, samt stor vekt på å lære og at eleven blir bevisst sine eigne læringsstrategiar. Generelt har planen vorte tydlegare ved t.d. at kapitla er delt opp annleis og dei ulike mennesketypene er fletta inn her. Planen er meir kortfatta og dannar grunnlag for all læring.

Forbetringar:

- Beskrivinga av verdigrunnlaget i dette høyringsforslaget og det som er i barnehagen sin nye vedtekte rammeplan bør samsvare, då dette vil styrke eit heilheitleg utdanningsløp med gode overgangar frå barnehage til vidaregåande opplæring.
- Viktigheita av samarbeid mellom skule og heim må kome tydlegare fram i planen:
 - o Dette gjeld særleg i kap. «sosial læring og utvikling» s. 10.
 - o S.15 inn under «3. prinsipper for skolens praksis». Forslag til setning: «For å lykkes med dette må skolen tilrettelegge for den enkelte elev og bygge et inkluderende læringsmiljø der samarbeidet med hjemmet er ivaretatt» (jf. gamal plan s. 18, 4. avsnitt)
 - o Familien/heimen bør også ha eit medansvar for å skape eit inkluderande læringsmiljø.
- S. 8 «Demokrati og medverknad» - bør ha meir fokus på kva kvar enkelt skal *bidra med* til fellesskapet. Nå er det meir fokus på kva den enkelte har rett på.

- Tidleg innsats, både i alder og i høve oppdaging av utfordringar/lærevanskar/åtferdsvanskar osb., og spesialpedagogikk bør takast inn att i planen. Saknar noko meir om dette i 3.1. «Tilrettelegging for den enkelte elev».
- Bør også ha med at kunnskap kan ein erverve på ulike måtar, ikkje berre gjennom teori. Kunnskap kan tilegnast gjennom praktisk arbeid også i grunnskulen.
- Vitskapleg arbeidsmetode bør tas inn att i planen. Nå er berre omgrepet *entreprenørskap* nemnt i ein setning, kva meiner ein med det?
- Planen bør også seie noko om *læring som lagarbeid*. Elevar lærar av kvarandre, ikkje berre frå lærar til elev slik det står nå (jf. gamal plan s. 12 «læring som lagarbeid»). Både kapittel 2.1. «Danning og helhetlig kompeanse» og kapittel 2.5 «Å lære og lære» har for stort fokus på individuell tilnærming til læring. Læring og danning skjer i samspel med andre.
- Bør få inn att korleis den historiske utviklinga med oppfinningar, tenkarar og liknande har påverka levkår og livsinnhald (jf. gamal del s. 9 «teknologi og kultur»). Bør implementerast inn i anten «Kultur, identitet og mangfold» eller «skaperglede, engasjement og utforskertrang» i ny del.
- Ønsker at planen tydeleggjer kva for verdiar det norske samfunnet bygger på, etiske prinsipp og reglar (jf. gamal del, avsnittet før kulturarv og identitet).

Med helsing

Eldgrim Springgard
kommunalsjef Oppvekst

Karin Heiene
rådgjevar Oppvekstkontoret

Godkjent og ekspedert utan underskrift